

CA 125 i serum

Cancerantigen 125

Bakgrunn

CA 125 er eit glykoprotein som blir produsert i pleura, perikard, peritoneum samt i normalt endoterium. Dei fleste patologiske prosessane her kan gi auka verdiar i serum. Dette gjeld særleg ved ovariecancer, og den praktiske bruken av analysen bør avgrensast til utgreiing og etterkontroll av denne sjukdommen.

Indikasjonar

Utgreiing og etterkontroll av ovariecancer.

Prøvemateriale



0,5 mL serum teke på rør tilsett gel eller rør utan tilsetting.
Haldbarheit serum: 4 døgn.

Referanseområde

< 35 kU/L

Tolkingar

Høge verdiar kan sjåast ved alle former for ovariecancer. Aukande verdiar er forbunde med dårleg prognose. Stigande verdiar etter operativ behandling gir mistanke om at der kan vere tumor igjen, metastasar eller residiv. Men auka verdiar kan og sjåast ved ikkje-maligne tilstandar som betennelse eller eksudat i pleura, perikard og peritoneum, ved hepatitt eller cirrose, ved endometriose, tidleg i svangerskapet, ved placentaløysing, tubo-ovarial abscess og benigne teratom. Analysen er difor ikkje egna til screening av ovariecancer.

Dei auka verdiane som kan sjåast ved andre cancerformer er sannsynlegvis sekundære til affeksjon av pleura eller peritoneum.

Biologisk variasjon: Intraindividuell biologisk variasjon: 24,7 %